



**Statens vegvesen**

Multiconsult ASA – Stord  
Kunnskapshuset  
Sæ 132  
5417 STORD

Øyvind Skaar

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 18/118634-2 09.07.2018

---


## **Uttale til oppstart – Detaljergulering – Manger sentrum aust – Fv. 409 – Radøy kommune**

Statens vegvesen syner til brev mottatt 28.05.2018. Frist for uttale er 10.07.2018.

*Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.*

### **Kva saka gjeld:**

Det er meldt oppstart av arbeid med detaljregulering av Manger sentrum aust. Radøy kommune er forslagsstiller.



*Manger sentrum, Radøy. Fylkesveg 409 sentralt gjennom planområdet.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av ny brannstasjon, utviding av miljøstasjon og bruksendring av eksisterande bygningsmasse mellom anna til barnehage. Eit sentralt tema i planarbeidet er regulering av etablert tilkomst til næringsområde og brannstasjon. Det meste av arealet er allereie regulert gjennom andre planarbeid, som vert vidareført gjennom dette planarbeidet. Fylkesveg 409 gjennom Manger sentrum er omfatta av planarbeidet.



*Plangrense jf. Varsel om oppstart.*

#### **Generelt:**

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar;

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuk trafikantar mm).
- Tilhøva for mjuk trafikantar mellom varsle planområde og nærliggjande målpunkt (til dømes busshaldeplassar, skule mm).
- Byggjegrense langs riksveg / fylkesveg.
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.
- Universell utforming.

#### **Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeid med reguleringsplanen:**

Statens vegvesen vil ha fokus både på trafikktryggleik og trafikkavvikling for alle trafikantgrupper innan planområdet. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse for å synleggjere kva verknader planforslaget har på vegnettet for køyrande, gåande og syklande med bakgrunn i mellom anna viktige utgreiningstema som trafikktryggleik og framkome for alle trafikantgrupper inkludert trygg skuleveg. Andre relevante tema vil vere universell utforming og støy.

Ein viktig del av planarbeidet er regulering av fylkesveg 409 som går sentralt gjennom planområdet. I det vidare planarbeidet må fokus vere både på trafikken langs fv. 409, men også tilfredsstillande løysingar langs kommunal veg. Fylkesvegen må planleggast med same

vegstandard som ny planlagt fylkesveg slik det er synt i «*Rv565 Tolleshaug – Soltveit med arm til Manger (2010)*» og i «*Områdeplan for Manger sentrum (2008)*».

Oppstartsmeldinga har ikkje vore tydleg på kor ein eventuell brannstasjon skal ha avkjørsle frå fylkesveg. Vi vil i utgangspunktet vere kritisk til å blande føremålet barnehage og brannstasjon / utrykkingskøyretøy.

Vi ber om at det vert tatt kontakt med oss på eit tidleg stadium dersom det er spørsmål knytt til løysingar på fylkesvegen. Andre relevante tema vil vere byggjegrense, detaljeringsgrad og eventuelle rekkefølgjekrav.

Når det føreligg eit konkret planforslag vil vi vurdere om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER